



Lindås kommune
Kvernhusmyrene 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 08.07.2014
Vår ref.: 2014/19057-2
Saksbehandlar: heihand
Dykkar ref.: 14/3835

Hundvin - gnr 56 bnr 12 - dispensasjon - deling av grunneigedom - Lindås kommune - Kulturminnegfagleg fråsegn

Vi syner til søknad vedrørende frådeling av to tomter frå gnr 56 bnr 12 i Lindås kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert søknaden som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda kulturminne i dei omsøkte areaala. Det er kjent kulturminne i nærområdet, mellom anna tre førhistoriske gravhaugar som ligg om lag 400 m N for tomt 2 (Askeladden-id 144950, 144952, 144953). Dei omsøkte areaala kan ha eit visst potensiale for funn av nye automatisk freda kulturminne. Dette kan eventuelt avklarast ved ei synfaring/mindre arkeologisk registrering. Vi vil eventuelt vurdere undersøkingsplikt etter § 9 i kulturminnelova når det føreligg ein søknad om tiltak.

Det er vidare kjent fleire meldepliktige SEFRAK-registrerte bygningar i nærområdet, den eine ligg like nordvest for tomt 2 (SEFRAK-id 1263 13 61). Eventuelle konsekvensar for denne kan først vurderast når det føreligg ein søknad om tiltak.

Utover dette har vi ikkje merknader til søknad om frådeling på bakgrunn av kulturminneomsyn.

Med helsing

David Aasen Sandved
fung. fylkeskonservator

Heidi Handeland
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.